

(Prosjektstøtte (verksemd) - NKF-PKV)

Søknadsnummer: ES419137 Prosjektnummer: -1

---

## Søkjar

Verksemd	Noregs Ungdomslag
Adresse	Tollbugata 17
Postnummer	0152
Poststad	Oslo
Land	Norge
Organisasjonsnummer	939550550
Kontonummer	81010700027

## Kontaktperson

Fornamn	Nils
Etternamn	Seland
Adresse	Bertramjordet 21
Postnr.	1251
Poststad	Oslo
Land	Norge
Mobil/telefonnummer dagtid	90666867
E-postadresse	nseland@online.no

## Søknadsinformasjon

Tittel	Forretningsverksemda i norskdomsrørsla frå 1901
Kortnamn	Lagsbrukssogearbeid 2014-2015
Skildring/samandrag	Begrepet "Lagsbruk" er brukt som nemning på forretningsverksemda innan Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag - ofte kalla norskdomsrørsla. "Bondeheimen" (hotell) og "Kaffistova" (kaféar) er dei mest kjende merkenamna. Rørsla vaks fram i tida like før og etter unionsoppløysinga med Sverige i 1905 og var ein viktig del av demokrati- og nasjonsbyggingsprosjektet til det norske folket. Finansieringa av denne

**(Prosjektstøtte (verksemd) - NKF-PKV)**Søknadsnummer: ES419137 Prosjektnummer: -1

---

verksemda skjedde i stor grad med stønad frå forretningsverksemd i laga sin regi. Dette arbeidet ønskjer å dokumentera omfanget av denne økonomiske verksemda og få fram kva den hadde å sei for bygginga av viktige samfunnsinstitusjonar.

Fast statstilskot Nei

Hvis ja, angje statstilskotets beløp

Prosjekttype Innsamling/dokumentasjon

Sjanger/stilart Kulturvern

**Målgruppe**

Målgruppe For alle

**Nedslags-/gjennomføringssted**

Nedslags-/gjennomføringsstad Heile landet

**Prosjektbeskrivelse****Kunstnarleg målsetjing\***

1. Nils Seland er engasjert som fast prosjektmedarbeidar. Han har omlag 50 års bakgrunn frå rørsle, mellom anna som styreleiar både i lokallag, fylkeslag og landslag. Han er dessutan den som idag har størst kjennskap til lagsbruksrørsle i eit nasjonalt perspektiv - både i form av brei styreerfaring frå lokale og nasjonale lagsbrukstiltak, og som styremedlem, leiar, og til sist dagleg leiar i samarbeidsorganisasjonen Lagsbrukssamskipnaden/Norske Lagsbruk.

2. I fordjupingsoppgåver som treng historiefagleg bakgrunn vil det bli søkt engasjert studentar eller profesjonelle historikarar. I første omgang vil det ikkje vera økonomi til anna enn å leggja til rette for studentoppgåver på avgrensa tema.

Målsetjinga vil då vera at ein ved hjelp av (1) ein omfattande og grundig gjennomarbeidd historisk dokumentasjon og (2) eit sett av djupneanalysar på avgrensa tema kan skapa innsyn i- og interesse for eit viktig kapittel i nasjons- og demokratibyginga frå 1901 til idag.

## Prosjektframstilling\*

I Kulturrådet sitt vedtak om å stø dette arbeidet i 2010, heiter det: "Kr 150 000 blir løyvd til innleiande arbeid med dokumentasjon og innsamling".

Arbeidet i denne første delen av prosjektet er gjort direkte på nettsida lagsbruk.no og kan lesast der. Det er dokumentert omlag 200 forretningstiltak, og det har eksistert ei omfattande kulturell og sosial verksemd som eit direkte resultat av desse tiltaka.

Rapport for det innleiande arbeidet vil bli send omlag samtidig med denne søknaden om vidareføring.

I komande fase ønskjer me å prioritera følgjande tema:

1. Vidare arbeid med å dokumentera omfanget av lagsbruksverksemda. Det er klart at ein med dei ressursane som har vore til rådvelde ikkje har kunna gå i detaljar om verksemda i kvart bruk. Det står derfor mykje kartleggingsarbeid att. Det er planen å laga ei eiga side for kvar stad/eigarlag. Det er til nå laga to eksempel på slike sider. Desse finn ein på: <http://www.lagsbruk.no/Lagsbrukirorsla/molde.htm> og på: <http://www.lagsbruk.no/Lagsbrukirorsla/arendal.htm> .

I tillegg til "teknisk" og økonomisk info om det enkelte forretningstiltaket, så er det viktigaste arbeidet å få fram kunnskap om kulturelle og sosiale tiltak som er sett i verk med midlar frå denne forretningsverksemda - og å kartlegga tilgjengeleg kjeldemateriale om dette.

2. Djupnestudiar nasjonale tiltak: Finanisering av bygging og drift av Det norske teatret i Oslo.

Det er unikt at Det norske teatret - eit av dei største og mest besøkte institusjonsteatra i landet er bygd opp av- og framleis er organisert som eit privat aksjeselskap. Det er nå i haust gitt ut eit større bind med historia om teateret, men dette er først og framst ei kultur- og teatersoge - som ikkje gir utfyllande oversikt over den økonomiske innsatsen frå rørsla som låg bak.

Tema kan delast slik:

- Bygging av- og subsidiering av husleige for Teatersalen i Bøndenes hus, Rosenkrantz` gate 8. Oslo.
- Finansiering av tomtkjøp og andre investeringsmidlar for det nåverande teaterhuset.
- Tilskot frå rørsla til drifta av teatret.

3. Djupnestudiar lokale tiltak:

- Eit av dei mest historisk interessante lagsbruksmiljøa finn ein i Bergen og Hordaland. Soga har vore dramatisk med store opp- og nedgangstider

og går her tilbake heilt til 1860-åra, lenge før den nasjonale organiseringa av norskdomsrørsla. Her blei det - i tillegg til fleire kaffistover og hotell - etablert både trykkeri, aviser, skular og til og med ein nynorsk bank. Landsbanken blei skipa i 1914. Den gjekk over ende alt under den store bankkrisa i 1923, men blei likevel forløparen til Vestlandsbanken. Det er også interessant at lagsbruksmiljøet i Bergen hadde sterke trådar inn i byens øvrige handels/næringslivsmiljø.

- Norskdoms- og fråhaldsrørsla i Vefsn har saman ei interessant soge. Soga har røter tilbake til "klondyke-tilstanden" som blei skapt midt på 1800-talet av store engelske selskap som kjøpte opp skog i området og skipa ut bygningsmaterialer. Den relativt kortvarige velstanden skapte store sosiale problem i regionen, og behov for sosiale og kulturelle tiltak. I ettertid har den frilynte ungdomsrørsla drive folkehøgskule som "privat" økonomisk eining i direktørbustaden på "engelskbruket", og rørsla har lenge hatt ein særskilt "status" i området.

- I Agderfylka og i Møre og Romsdal sto også lagsbruksarbeidet sterkt. Det blei reist både skolar og museum, og det blei etablert salskontor for små- og heimeindustri. Søgne- og Møre folkehøgskule i lever ennå i beste velgåande, og midlar etter lagsbruksdrift yter framleis betydeleg tilskot til kulturelt arbeid i dei to regionane.

Slik kan ein halda fram, men utfordringa vil altså vera "innsalgsarbeidet" inn i studentmiljøa.

Kor mange slike lokale studentarbeid ein kan makta å få igang, er avhengig av mange ting. Først og fremst må ein opparbeida ein kontakt med utdanningsinstitusjonane. Vidare må ein lansera oppgåver og problemstillingar som fenger studentar, og dernest kunna visa til tilgjengeleg kjeldemateriale. Førebels kontakt med eit par institusjonar avdekkar stor velvilje, men korleis haustens studenkull vil respondera, det veit me sjølv sagt ingen ting om ennå. Derfor kan det vera viktig å ha kontakt med fleire for å auka sjansane for tilslag.

## Tema/materiale

1. Historiebøker frå arbeidet i landslag, fylkeslag og lokallag i rørsla.
2. Dokumentarkiv i Norske Lagsbruk.
3. Digitalisert informasjon frå Nasjonalbiblioteket og andre offentlege og private kjelder for bilete og tekst.
4. Ikkje digitalisert informasjon frå Riksarkivet, Statsarkivet og andre kjelder. Leitinga etter relevante kjelder krev lokalkunnskap og søkearbeidet må gjerast på staden.

## Formidling/visning/speling\*

(Prosjektstøtte (verksemd) - NKF-PKV)

Søknadsnummer: ES419137 Prosjektnummer: -1

Prosjektleiinga her valt å leggja arbeidet ope på nett, og alle som ønskjer det kan følgja arbeidet på lagsbruk.no . Denne arbeidsmåten har store fordelar med tanke på involvering og dokumentasjonsinnhenting. Alt nå har nær fem hundre personar vore innom sidene og ein del av desse har gitt innspel og tilbakemeldingar. Me opplever at dette er ei verdifull presentasjonsform som involverer og engasjerer. Her bør det supplerast med datateknisk assistanse for å gjera nettsidene meir synlege i aktuelle søkemotorarar.

I tillegg vil me gjerne koma rundt i lokallaga og fortelja om arbeidet og om denne delen av organisasjonshistoria.

Det vil vera naturleg å ha kontakt med Norsk lokalhistorisk institutt og lokale historielag gjennom arbeidsprosessen.

## Framdriftsplan

### Prosjektperiode

Frå dato 20140301

Til dato 20151231

Kommentar

Så snart ei løyving ligg føre, så vil arbeidet halda fram med å komplettera oversikten over historiske lagsbruk. I tillegg til "tekniske" og økonomiske data om bedriftene, så vil det vera mest interessant å finna ut om kulturelle og sosiale tiltak som har vore sett i verk med ressursar frå forretningane.

Å invitera til at f. eks. økonomi- og historiestudentar skal ta på seg djupnestudiar av avgrensa tema krev grundig forarbeid med formulering av ulike emne, og oversikt over kjeldemateriale.

### Hovudaktivitetar og milepålar i prosjektperioden (år og månad)

Milepæler fordelt over prosjektperioden	Frå		Til	
Ferdig oversikt over alle bruk	2014	3	2014	12
Studentoppgåver	2014	3	2015	12

## Økonomi

## Inntekter

**(Prosjektstøtte (verksemd) - NKF-PKV)**

Søknadsnummer: ES419137 Prosjektnummer: -1

Søknadssum Norsk kulturfond	300000
Tilskot frå kommune	
Tilskot frå fylkeskommune	
Andre offentlege tilskot	
Billett-/honorarinntekter	
Salsinntekter	
Sponsorinntekter/private tilskot	
Eigeninnsats/eigenkapital	100000
Andre inntekter	
Totale inntekter	400000
Kommentar	Noregs Ungdomslag disponerer private midlar som er sett av til dette føremålet.

**Utgifter**

Honorar/lønn kunstnere/fagpersoner	200000
Honorar/løn andre	100000
Reise/diett/opphald	50000
Produksjonskostnadar/materiale	20000
Leie av lokale	
Leie av teknisk utstyr/tenester	
PR/Markedsføring	
Administrasjonsutgifter	30000
Andre utgifter	
Totale utgifter	400000
Kommentar	"Honorar/lønn andre" er ein post som er tenkt brukt til stimulering og oppfølging av studentar som går inn i oppgåvearbeid som er relevant for vårt føremål.

**Artist/medverkande**

(Prosjektstøtte (verksemd) - NKF-PKV)

Søknadsnummer: ES419137 Prosjektnummer: -1

---

## Vedlegg

### Legg til line

Referanse

Orginalt filnamn

Framstilling

### Registrering av fysiske vedlegg

### Registrering av nettløst vedlegg

Lenk til vedlegg

lagsbruk.no

Referanse

ES419137\_020\_1\_Link\_20131125

Framstilling